



Elevrepresentant Andreas Wassberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2226 - 18/31695

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

18.10.2018

referat frå møte i SU/SMU 17.10.18

Til stade: Lærarrepresentant Tone Gunn Solsvik, lærarrepresentant Marit Tømmermo, representant andre tilsette Ingeborg Witsø, foreldrerepresentant Arne Ramslien og rektor Morten Olsen Schulstad.

Meldt fråvær: Kommunal representant Leif Hosøy Sleire.

Ikkje møtt: Elevrepresentant Andreas Wassberg, elevrepresentant Sigurd Torpe, foreldrerepresentant Unnhild Vassdal.

Grunna høgt fråvær var ikkje møtet vedtaksdyktig.

Sak 01/2018-19 Gjennomgang av oppgåvene til SU/SMU

Sak utsatt grunna høgt fråvær.

Sak 02/2018-19 Konstituering av SU/SMU

Sak utsatt grunn høgt fråvær.

Sak 03/2018-19 Orientering om saker i SU/SMU førre skuleår

Sak utsatt grunna høgt fråvær.

Sak 04/2018-19 Godkjenning av skulen sitt ordensreglement

Godkjenning kunne ikkje skje grunna høgt fråvær, men møtet diskuterte reglane. Med unntak av eit par overfløydige formuleringar har møtet innstilt på at ordensreglementet vidareførast.

Sak 05/2018-19 Høyring – forskrift om feire og fridagar i barnehage og skule 2019-2020.

Møtet ønskjer å spille inn forslag om endring av fridagar. Fredag 03.01.20 blir foreslått endra til fridag og fredag 19.06.20 blir foreslått endra til skuledag. Rektor skriv uttale på vegne av møtet.

Sak 06/2018-19 Ymse

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Skulen har fått meldingar frå einsskilde føresette om at praksis rundt skulegudsteneste opplevas problematisk for nokon av elevane. Problemet ligg i at det er vanskeleg å få det alternative opplegget til å bli eit «tilsvarande tilbod» og at det kjens sårt for den einsskilde elev at elevgruppa skal delast opp i samband med ei høgtid som langt dei fleste feirar, uavhengig av tru. Dei ulike trinnteama på skulen har diskutert ulike løysingar og har landa på fire alternativ:

- 1: Behalde noverande praksis
- 2: Avslutte ordninga med skulegudsteneste
- 3: Flytte skulegudstenesten til etter skuletid
- 4: Flytte skulegudstenesten til påskehøgtida

Korkje FAU eller elevrådet har fått tid til å handsame saka. For inneverande skuleår vil skulen difor gå inn for å behalde noverande praksis. Det vil si skulegudsteneste i skuletida med aktiv påmelding. Skulen vil legge ressursar i at det alternative opplegget skal bli på eit høgt nivå.

Saka tas opp att med sikte på planlegging av neste skuleår.

Møte i skulemiljøutvalet

Sak 01/2018-19 Elevmiljøet på skulen
Sak utsatt grunna høgt fråvær.

Sak 02/2018-19 Sak om spisetid
Sak utsatt grunna høgt fråvær.

Sak 03/2018-19 Ymse
Rektor orienterar om elevundersøkinga. Skulen tar sikte på å ikkje nytte tilleggsmøduklar på undersøkinga i år. Dette grunna at undersøkinga ofte blir oppfatta som for lang av elevane. Møtet hadde ikkje innseiingar på dette.

Når det gjeld foreldreundersøkinga har det vært ei utfordring å få svarprosenten opp på eit adekvat nivå. FAU utfordrast i første omgang til å undersøke om foreldregruppa ønskjer denne undersøkinga. Om så vil rektor sette dette i drift.

Referert av underteiknar.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Elevrepresentant (vara) Andrea

Kopi til:

Kvalø

Elevrepresentant (vara) Thea Marie
Frotjold

Kommunal representant (vara) Dan
Olsen

lærerrepresentant (vara) Astrid
Oma

lærerrepresentant (vara) Jorunn
Margrete Blindheim

Representant andre tilsette (vara)
Hans Ketil Porsmyr

Mottakrar:

Elevrepresentant Andreas Wassberg

Elevrepresentant Sigurd Torpe

Foreldrerepresentant Arne

Ramslien

Foreldrerepresentant Unnhild

Vassdal

Kommunal representant Leif Hosøy

Sleire

Lærerrepresentant Marit

Tømmermo

Lærerrepresentant Tone Gunn

Solsvik

Representant andre tilsette

Ingeborg Witsø